



«Gneistar»

– ein kveld med Olav Aukrust og hans dikting

«Gneistar»

Ein kveld med Olav Aukrust og hans dikting

Manus er sett saman av

Inger Heiberg/Harald Hoaas

Regi: **Harald Hoaas**

Musikalsk innstudering: **Tor Hultin**

Inspisient: **Ingar Nilsen**

Sufflør: **Elsa Isefiær**

Med unntak av ein folketone og munnharpespelet er musikken av **Sparre Olsen**.

Dei som er med:

Tone Ringen

Åsta Voss

Ragnar Dyresen

Bjørn Jenseg

Ola E. Bø spelar munnharpe

Ein pause.

Premiere på Scene 2

5. november 1983.

«Ein diktar står aldri stille!»

Frå ein samtale med Inger Heiberg

– *Inger Heiberg, du har vore oppteken av diktinga til Olav Aukrust gjennom mange år. Kvar har denne interessa opphavet sitt?*

– Eg voks opp i Lom, far min var prest der frå 1922 til 1936. Vi kjende Olav Aukrust – eg var rett nok berre 11 år da han døydde, så eg kan ikkje seie at eg sjølv kjende han. Men han vanka i heimen, og eg vart tidleg bergteken av diktinga hans.

Vi måtte lære dikta hans på skulen – dei var medvitne slik, lærarane våre! Og vi stod bak låveveggen og las dikt, mange av dei var ulovlege – det var så mykje banning i dei! Eg lærte somme av dikta av sonen til bakstekona – alle var opptekne av Aukrust og dikta hans, det fanst ikkje noko sosialt skilje slik, det er noko som kritikarane har funne på sidan.

– *Som prestedotter kom du sjølv sagt utanfrå. Men barndomen din høyrer altså Lom til. Kjenner du deg sjølv som lomvær i dag?*

– Eg kjenner meg som lomvær når eg er i Lom eller er saman med lomværar. Men vi snakka riksmål i heimen, så eg voks på eit vis opp med begge målformene. Far –



Peter Lorenz de Ferry Smith (utruleg namn, ikkje sant?) – kom frå ein skotsk innvandrarfamilie. Eg er sjølv fødd i Oslo – mens far var prest i Kautokeino. Frå Lom kom han til Vang i Hedmark, der vart han til han døydde – men under krigen vart han fråteken embetet av tyskarane.

– *Du måtte reise frå Lom tidlegare sjølv, for å gå på skule?*

– Ja, eg tok artium på Hamar og vart cand.philol. i 1943 – like før studentane vart tekne. Eg underviste litt, men så vart eg gift med ein utanrikstenestemann, så eg har budd mykje ute.

– *Når byrja du sjølv å skrive?*

– Det første var vel ein artikkel frå Kautokeino som eg skreiv for «Østlendingen» i 1936 og fekk 17 kroner for! Far og eg følgde ein italiensk journalist. Far skreiv for Aftenposten og fekk 200 kroner – italieneren fekk reise og løn og eg veit ikkje kva! Spøk til sides – eg hadde alltid hatt lyst til å skrive. Men eg byrja først for alvor etter at eg hadde møtt Max Tau i Hamburg om lag 1950. Han og Carl Fredrik Engelstad oppmuntra meg. Eg var svært oppteken av korleis tyske motstandsfolk vart sedde på etter krigen. Det vart til at eg skreiv litt for Morgenbladet, Morgenposten, Aftenposten.

I 1953 hadde eg eit kåseri i NRK om Olav Aukrust og Tor Jonsson – det var vel første gongen eg gjekk ut offentleg med nett den interessa – som sjølv sagt hadde vore med meg heile tida. Dei blir så ofte sette opp mot einannan som kontrastar – eg vart opprørt over det, at det skulle vere så umogleg å sjå at dei begge på kvart sitt vis sprang ut av bygda. Kåseriet vart trykt i

Olav Aukrust i eit brev frå 1916, henta frå Inge Krokann: «Olav Aukrust», andre opplaget, Norske Folkeskrifter nr. 79, Noregs Boklag, Oslo 1944.

«Det er so underleg å tenkje på; då eg var ein gut på 16–17 år, sat eg ein haustdag «uppi grøvom», upp-onde hø'n. Då kjende eg at *jordi* der uppe på Aukrust, naturpoesien, jordåndi der – frå elv til fjell – bad meg gjera seg levande, tala ut um ho. Og eg kjende ein glødande lengsel i meg, der eg sat og hukra, etter å fixe-re det, rope det ut, det som hadde tagt i tusundtal år, segja det ut, so det levde so lenge folk budde der.»



Samtiden etterpå. Elles har eg arbeidd mykje med Olav Duun og vore oppteken av han.

– *Men du har ikkje berre arbeidd med litteratur, du har da sjølv debutert som forfattar?*

– Eg gav ut ein roman i 1957 på Aschehoug, «Hjemløs». Det handla om ei jødejente som gifta seg med ein bondegut og alle dei problema dette førte med seg. Elles har eg nå ikkje berre skrive om litteratur! Eg har skrive artiklar om mangt – naturvern ligg meg på hjarta, eg skreiv om barndom og oppvekst i Lom i boka «Prestegårdsliv». Men eg budde som sagt mykje ute – heile tida frå 1959 til 1974. Da er det ikkje så enkelt å ta del i alt her heime. Men etter at vi kom heim for godt i 1974, er det blitt meir – program i NRK, kåseri og litt av kvart.

– *Kva var det som gav deg impulsen til å skrive eit Aukrust-program for teatret – for det er første gong du møter teatret, ikkje sant?*

– Jo – og det kan eg seie deg. Det var Gisle Straumes program om Arne Garborg som sette meg på tanken. Det må kunne gjerast noko slikt med Aukrust òg, tenkte eg, og sette i gang. Eg trur teatret kan gjere desse gamle diktarane våre levande. Eg spurde Leif Mæhle til råds, og eg vart heilt overvelda da teatret faktisk ville gjere noko med det!

Eg har vore meir oppteken av diktinga til Aukrust som uttrykk for kva det vil seie å vere menneske – meir det enn systematisk oppbygde idéar. Eg har vore oppteken av identifikasjonen med fjellbygda og samfunnet der. Han gav medvit til dette samfunnet. Han gjorde det legitimt å skrive på dialekt og viste kva for rikdom dialektane kunne gi. Samstundes synest eg ein gjennom Olav Aukrust får sett lys på kåra til nynorsken i denne tida.

– *Teatret har valt å nytte tonane til Sparre Olsen i dette programmet. Han var ein god ven av Aukrust – møtte du sjølv han òg?*

– Javisst! Han budde hos oss vinteren 1931–32. Eg levde i Aukrust-ord og Sparre-tonar.

– *Det er så vidt vi får dette programmet fram i sjølv jubileumsåret. Men på festmøtet i samband med jubileet i mars i år i Bøndernes hus, viste teatret utdrag av programmet. Du var sjølv med på den store jubileumsfeiringa i Lom i sommar?*

– Ja, der handla det om Olav Aukrust tre heile dagar til endes ved Olsok-tid! Eg var med på eit seminar der – men elles vandra vi ikring i verda hans. Lom har vore som ein katalysator for Noreg – der møtest nord og sør, aust og vest. Eldgamle

ferdselsvegar går gjennom bygda. Det oppstår veldige motsetnader og brytingar. Alt dette spelar med i diktinga til Aukrust. Du hugsar kanskje at det var ein stor debatt om Aukrust og diktinga hans på 60-talet, med artiklar i Vinduet, Samtiden, aviser. Eystein Eggen og Tor Obrestad var ivrige deltakarar. Eg var med sjølv òg – avslutta faktisk debatten, trur eg, med ein artikkel i Samtiden: «Olav Aukrust i vår tid». Det er på tide å sjå på han på nytt – han er ikkje ein diktar som kan plasserast ein stad med merkelapp på. Ein diktar står aldri stille!

Leif Mæhle:

«Der vindsus syng →»

(Utdrag frå etterordet til diktutvalet Leif Mæhle redigerte for Bokklubbens Lyrikkenvenner i år.)

«... For meg er diktingi ei stjerne som lyser langt uti leiti, og som eg må fylgje. Dit *den* dreg, dit *må* eg gå.

... Gjenom diktarkallet – meir enn gjenom alt anna – er det Gud rettleider, lyser og lokkar meg, frå leite til leite, frå høgd til høgd.»



(Olav Aukrust i brev til Gudrun Aukrust, 27.2.23.)

Liknande høge tankar om kunst og diktning finn vi mange stader hos Olav Aukrust. God diktning var for han høgste form for sanning og sannkjenning, og dikteren både ein mottakar av inspirasjon og ein poet – skapar. Han talar og skriv ofte i høgstemte ordelag når han kjem inn på desse emna.

I litteraturhistoria står han som ein av dei fire store nynorske lyrikarane dei første tiåra av 1900-talet – ved sida av Kristofer Uppdal, Olav Nygard og Tore Ørjasæter. Menne det er ikkje lett å karakterisere og plassere lyrikaren Olav Aukrust med nokre få ord. Mange av dikta hans – men slett ikkje alle – har ein høgstemd tone og romantisk dâm, og her er han både ein vidarefører og ein nyskapar innanfor ein gammal og sterk tradisjon i norsk poesi. Han kan skrive intens kjærleiksyrikk og dikt om inspirasjonen og om diktarens kamp med å skape kunst. Somme av dikta hans gir levande, gjerne humoristiske bilete frå norsk bygdemiljø. Norsk natur, særleg fjellet, har ein viktig plass i diktinga hans, ikkje berre i naturlyrikken, men òg som kjelde for bilete og symbol. Han var oppteken av nasjonale og kulturelle problem, av tradisjonen og samanhengene i norsk kunst og åndshistorie, men det var utviklinga og vokstervilkåra til det einskilte mennesket som var det sentrale for han. Han hadde ei religiøs tru på at den einskilte har fått nedlagt i seg ein gudegneiste – eit «emne» som det er avgjerande viktig å få høve til å utvikle og realisere. Mykje av diktinga hans blir da ein kamp for filosofisk og religiøs sannkjenning, ein utviklingsveg som fører frå mørke djup oppover mot høg fjell og klårsyn. Og her prøver fleire av dikta hans å formidle visjonen av ei verd bortanfor det kvardagsnære. (. . .)

Liv og Livsverk

Han var fødd på garden Aukrust i Lom 21. januar 1883. Her, i ein dramatisk fjellnatur like innunder Jotunheimen, budde han dei 16 første og dei 12 siste åra av sitt liv. Naturen kring den tronge Bøverdalen verka sterkt på han – naturdramatikken i dikta hans vitnar om dét. Miljøet i heimen var prega av idéar og ideal frå Grundtvig, Christopher Bruun og folkehøgskolen. Det vart til at odels guten skulle gå skolar –

amtskole, skogskole og til sist lærarskolen på Elverum. Der tok han eksamen i 1906. Det går mange historier om den vide lesnaden og dei store kunnskapane hans alt på denne tida.

Vinteren 1906–07 var han i Kristiania for å forebu seg til eksamen artium og universitetsstudium. Men hausten 1907 tok han seg lærarpost, og lærar vart han verande i ti år framover, det meste av tida i folkehøgskolen. Dei fire siste åra var han styrar for sin eigen folkehøgskole, i Gausdal og på Dovre.

I desse åra får vi inntrykk av ein mann merkt av dårleg helse og harde indre kampar, men òg med kvilelaus åndeleg energi og orienteringsevne. Han held foredrag, skriv artiklar om nasjonale og språklege emne og får prenta einstaka dikt. Men etter kvart kjende han lærararbeidet som ei hindring for den diktartrongen som braut på sterkare og sterkare. «Èg tykkjer eg kunde skrive, dikte ustaseleg gjennom eit langt liv og endå ikkje bli ferdig,» heiter det i eit brev frå 1916. Da er det han sluttar som lærar, våren 1917, flyttar heim til Lom og set opp ein vakker heim av gamle Gudbrandsdals-hus i utmarka på Aukrust. Men først hadde han gitt ut det store debutverket sitt, *Himmelvarden* (1916).

Himmelvarden er ein diktsyklus på over 300 sider. Sterkt forenkla kan ein seia at dikta skildrar ei psykisk krise og ei etisk-religiøs utvikling. Den veldige striden i og omkring mennesket mellom gode og vonde makter, mellom lys og mørker, er boren fram gjennom gammalt og nyskapt myte- og symbolstoff og sett inn i rykande friske bilete frå norsk fjellnatur. Grunnplanen i boka byggjer på den eldgamle førestillinga om mennesket på vandring – her frå den mørke, tronge dalbotnen oppover mot den himmelpaikande varden på høgste tinden. Der oppe, ved «himmelvarden», vinn mennesket fram til åndeleg forklåring og siger.

Få fatta nok innhaldet i *Himmelvarden* fullt ut med det same boka kom. Men intensiteten i sansing og livsoppleving og den strøymande rikdomen i rytme, språk og stil gjorde sterkt inntrykk. Trass i at somme av dikta er ujamne og vantar konsentrasjon, har denne første Aukrust-boka vorte ståande som eit hovudverk i den nynorske lyrikkens historie.

Mange venta seg mykje av Olav Aukrust vidare framover. Det gjorde han nok



10g163441

sjølv òg. Først tok han fatt på eit verk som skulle føre vidare nokre av hovudidéane i debutboka. Den nye diktinga skulle fortelja om opplevingar av «høgåndelege sfæror» over det jordfaste, om himmelvarden. Men å gi dette fullgod poetisk form var umåteleg vanskeleg. Etter nokre år la han det til side for å skrive «den norske boki» – *Hamar i Hellom* (1926).

Tittelen er eigentleg namnet på eit bergtroll i ei gammal barneregle. Direkte tyder tittelen også «hamaren i bratte fjellom», og dessutan symbolsk «det primitive norske» – «dette er ein bok om det bygdenorske», sa han sjølv. Han ville òg at fleire av dikta skulle lesast som «harmelause humoreskar», og ikkje som uttrykk for hans personlege meiningar.

(. . .)

Det tredje store verket hans, *Solrenning* (1930), kom ut først året etter at døden hadde rive han bort. I kamp med sviktan-



Omslaget: Sjølvportrett henta frå «Dikt i samling», Gyldendal 1943
Programredaksjon: Halldis Hoaas
Foto: Jamie Parslow
Programdesign og trykk: Otto Falch as

ste
boka kom – henta frå Inge Krokann:
«Olav Aukrust», andre opplaget, Norske
Folkeskrifter nr. 79, Noregs Boklag, Oslo
1944.

«Eg vilde ha boki ut i år, no eller aldri. Eg beit tennene ihop, knytte hendene, togg tobakk; når eg reiste meg frå skrivebordet um morgonen, ferdig til å stupe etter mange arbeidsnøter og dagar, då slo eg i bordet so det dunde, rein ende ut og illskreik: *eg vil!* Og eg vilde. -- Ordi sa sitt, rytmen gjorde sitt; midnatti kom med *det* og morgonroden med *det*, og minni glødde sumt, og tanken hamra og forma, og viljen brukte storsleggja, og det vart og vart – og vart ferdigt!» –

de helse hadde han arbeidd på spreng år etter år for å få ferdig dette som han alt tidleg kalla «storboki mi». *Solrenning* er «framhall av det perspektivet som oppnar seg i *Himmelvarden*», sa han sjølv. Det er mennesket som strir seg fram mot «solrenning», prøver å finne den djupaste sanninga i tilværet. Denne sannkjenningsvegen fører mennesket til møtes med det diktaren kalla ein «åndeleg røyndom» – utanfor det som vit, sinn og sansar kan fatte. Gjennom «skimt og glimt» blir det vekt ein lengt i mennesket mot det som er bortanfor «tid og stader». Og denne «Lengsel under alle lengslur» blir drivkrafta som får mennesket til å søkje etter kontakt og mystisk sameining med den guddomelege opphavsmakta – ei meningsfylt livsoppleving som er slik at diktaren kan seia: «Mitt hjarta høyrer sine heimlandstonar, – / min hug er lyft og løyst frå alle ting» («Harpe-spelaren»). Dikta utover i *Solrenning* fortel om korleis mennesket møter freistingar og hindringar, men òg om hjelp det får av utsendingar frå dei gode maktene (Fylgja), om «samtalur i nattestill», da mennesket greier å frigjera seg frå «det skapte» og får full kontakt med det guddomelege («det skapande»). Framfor alt er det diktet «Still meg ei storvengja sorg overskygde» som skildrar dette sæle møtet.

To bøker til kom etter at Aukrust var død. *Norske terningar* (1931) er ei samling lause dikt, for det meste samla om ymse nasjonale tema. *Skaldespor* (1965) er ei utgåve med artiklar, talar, brev og dikt som låg att etter han.

(. . .)